



# Kommunal informasjon frå Meland kommune

Pb. 79 - 5906 Frekhaug Tlf. 56 17 10 00

E-post: [postmottak@meland.kommune.no](mailto:postmottak@meland.kommune.no) - [www.meland.kommune.no](http://www.meland.kommune.no)

Foto: Roald Bertelsen

## KUNNGJERINGAR



### ■ Krav til listeframlegg ved kommune- styrevalet i Meland kommune

Parti og grupper som ønskjer å stille liste ved kommune-  
styrevalet i 2015, må sørgje for at listeframlegget  
er komen fram til kommunen innan 31. mars 2015.  
Det er ikkje nok at brevet med listeframlegget er post-  
stempla innan fristen.

Listeframlegget frå partia vil verta lagt ut til offentleg  
ettersyn i resepsjonen på rådhuset etter kvart som dei  
kjem inn.

Valstyret i Meland  
Nils Marton Aadland  
ordførar

### ■ Meland kulturskule

#### VELKOMEN TIL FAMILIEJAZZKONSERT!

Meland Jazzkafe, Meland kulturskule og Vestnorsk  
Jazzsenter inviterer til familiejazzkonsert med «Super-  
sonics» i **kultursalen i Meland Aktiv onsdag 25. mars**  
**kl. 18.00**

*Ideen til framsyninga bygger på musikk som leikande  
fenomen og publikum vert frå første tone invitert med  
på leiken. Dette minner meir om ein rockekonsert enn ein  
kosestund, og tilhøyrarane kan forvente høg musikalsk  
intensitet og lite snakk. Publikum fortel om strålande og  
heilt uanstrengt kommunikasjon - god kontakt og masse  
respons! Musikalsk moro for barn i alle aldrar,  
men spesielt tilrettelagt for unge tilhøyrarar.*

Dato: onsdag 25. mars kl. 18:00 (dørene opnar kl. 17:30)  
Billettpris: Barn kr 50,- Vaksne kr 100,- .  
Billettsal i døra

SUPERSONICS:  
Petter Frost Fadnes – saksofon  
Chris Sharkey – gitar  
Ståle Birkeland - trommer

### ■ MUSIKK FRÅ FØRSTE STUND

Meland kulturskule har ledige plassar på kurset  
«Musikk frå første stund» som starta onsdag 18. mars,  
og barn i alderen 2-15 mnd med foreldre er hjarteleg  
velkomen! Undervisning finn stad onsdag førremiddag  
i kultursalen i Meland Aktiv. Kurspris kr 950,-.  
Påmelding på [www.meland.kommune.no](http://www.meland.kommune.no), under  
tenesteområde Meland kulturskule. Eksisterande elevar  
logger seg inn i speedadmin.dk og melder seg på nytt  
kurs direkte. Kurset går over 12 veker og foreldre med  
barn i aldersgruppa som bur i andre kommunar er og  
velkomen.

På kurset syng vi både kjente og mindre kjente songar.  
Vi har rikeleg med rim og regler, alle tilpassa barnet. Det  
blir lagt vekt på rørsle som til dømes dans, gynging, roing  
og leik. Kanskje kjem du på songar du høyrde når du

sjølv var liten, kanskje lærer du nye songar og leikar du  
kan bruke saman med barnet ditt heime. Ein treng ingen  
musikalske forkunnskapar for å vere med. Dersom stor  
påmelding, startar vi to grupper delt etter alder.

For nærare opplysningar, ta kontakt med  
rektor Camilla Söderström Tveit, tlf. 56 17 10 64 eller  
e-post: [kulturskulen@meland.kommune.no](mailto:kulturskulen@meland.kommune.no)

#### Ledige plassar på visuell kunst torsdag kl. 18.00 – 19.30

Når du lager eit bilete lagar du ei ny verd som er di. På  
den måten kan du oppleve verda rundt deg på nytt og  
sjå den på ein annan måte enn før. Med eit bilete kan  
du fortelje andre kva du har sett og opplevd, slik at dei  
forstår det på sin måte. Det handlar om å bruke auga  
og dei andre sansane dine. Kva er det eigentleg du ser  
når du ser?

Meland kulturskule har ledige plassar på **visuell kunst**  
torsdag kl. 18.00 – 19.30 på Sagstad skule. På gruppe-  
tilbod som visuell kunst har me og plass til elevar frå  
andre kommunar. Ein elevplass i kulturskulen kostar  
kr 1.500,- per semester (kr 3.000,- i året), elevar som  
startar i semesteret får avslag i prisen.  
25%/50% søskenrabatt. Påmelding på  
[www.meland.kommune.no](http://www.meland.kommune.no), ta kontakt med kulturskulen  
på 56 17 10 64 eller [kulturskulen@meland.kommune.no](mailto:kulturskulen@meland.kommune.no)  
for meir informasjon.

#### Frivilligsentralen:

Gå ein tur, det er godt for  
sinn og kropp.

Gågruppa går tur onsdag 25. mars kl.11.00.

For meir informasjon, ta kontakt med tenesteområde  
kultur/frivilligsentralen 56171059/56171066

#### Nattevandrar på Frekhaug!

Har du lyst å engasjera deg i ein positiv  
aktivitet som er forebyggjande og sosial?  
Kvar fredag og lørdag er tre vaksne ute  
og går der ungdommen ferdast på Frekhaug.  
Velkommen, me treng deg!

#### Meland bibliotek:

**26. mars** Nordhordland Litterære Selskap har møte  
kl.19.00 på Meland bibliotek. Vi skal snakke om boka  
Sandslottet i Aleppo. Alle er velkomne!

**7. april** Eventyrstund kl.10.30. Passar for førskulebarn.

#### Opningstider i påska:

Meland bibliotek, Rossland avdeling har stengd i  
skulen sin påskeferie.  
Hovudbiblioteket har ope måndag 30.3 fra kl.14 – 19,  
tysdag 31.3. fra kl.10 – 16, stengd resten av veka.  
Vi opnar att tysdag 7. april med vanleg opningstid.

#### Vil du bli Leseombud?

Meland bibliotek har blitt «Bok for alle» - bibliotek og no  
søker vi etter personar som kan tenkje seg å lese høgt  
for andre. Ta kontakt med biblioteket for nærare  
informasjon.

#### Kulturminneplan 2016 – 2021

Planprogrammet til Kulturminneplan for Meland  
kommune 2016 – 2021 er på høyring med frist **7. april**.

#### Planmelding mars 2015

• **Kunngjering, oppstart arbeid med område-  
reguleringsplan, Midtmarka og Rotemyra, Flatøy.**  
• **Høyring, framlegg til planprogram for området.**  
Formannskapet i Meland har i møte 11.03.2015, saksnr  
32/2015, vedtatt at det skal utarbeidast ein offentleg om-  
rådereguleringsplan for Midtmarka / Rotemyra på Flatøy,  
med eit framlegg til program for arbeidet (planprogram).  
Formålet er å legge til rette for ei framtidig utbygging  
av bustader og mindre næring i ein urban struktur.  
Områdeplanen vil vere ein overordna plan som skal seie  
noko om omfang og plassering av byggeområde, skule,  
barnehage, grøntområde, friluftsområde, vegar og annan  
infrastruktur mm. Planarbeidet blir utført i samarbeid  
med utbyggjar og konsulenten hans. Det er høve til å  
komme med innspel på kva planen bør innehalde eller ta  
omsyn til.

Planprogrammet gjev føringar for korleis denne plan-  
prosessen skal gjennomførast, kva for utfordringar ein  
står overfor, kva for utgreiingar som skal gjerast, korleis  
medverknad skal ivaretakast, kva framdrift ein tek sikte  
på og kva for rammer ein skal planleggje innfor. Det er  
høve til å komme med kommentarar og merknader til  
planprogrammet.

Ordføraren inviterer til folkemøte på rådhuset om opp-  
start av planarbeidet, torsdag 23. april. Det kjem nærare  
informasjon om tid og møtelokale.

Planprogrammet er lagt ut i resepsjonen i rådhuset, og  
i digitalt planarkiv BRAPLAN. Ein finn link til BRAPLAN  
på [www.meland.kommune.no](http://www.meland.kommune.no) Velg Meland kommune  
og bruk planID eller plannamn til søk. Grunneigarar vert  
varsla direkte i eige brev.

Merknader, kommentarar eller innspel må vere skriftlege  
og skal sendast til Meland kommune v/ Plan, utbygging  
og kommunalteknikk, postboks 79, 5906 Frekhaug,  
eller som e-post til [postmottak@meland.kommune.no](mailto:postmottak@meland.kommune.no)  
Frist for å sende inn skriftlege merknader eller innspel er  
**07.05.2015**.

Vedtaka er gjort i medhald av plan- og bygningslova  
§§ 4-1, 12-2 og 12-8, og forskrift om konsekvens-  
utgreiing § 7.

#### Revidert framlegg til kommuneplanen sin arealdel

Formannskapet har i møte 10.02.15, sak 23/15, fremma  
eit revidert framlegg til kommuneplanen sin arealdel.  
Framlegget er sendt på ny høyring til regionale og  
statlege instansar, og vert med dette kunngjort i  
medhald av plan- og bygningslova § 11-14.

Det er høve til å kome med merknader til endringane  
som formannskapet har gjort vedtak om, men det er ikkje  
høve til å kome med nye innspel til planen, eller ta opp  
att tidlegare innspel. Det er heller ikkje høve til å klage  
på vurderingane som er gjort etter at planen var ute på  
offentleg ettersyn (01.07 – 01.10.2014).

Plandokumenta er lagt ut via kommunen sine heimesider  
i perioden 25.03 – 06.05.2015. Dokumenta vert også  
liggjande til gjennomsyn i resepsjonen på rådhuset.  
Spørsmål kan rettast til  
[postmottak@meland.kommune.no](mailto:postmottak@meland.kommune.no)

Eventuelle kommentarar til endringane må sendast til  
[postmottak@meland.kommune.no](mailto:postmottak@meland.kommune.no) innan 06.05.2015,  
eller til Meland kommune, Postmottak, Postboks 79,  
5906 Frekhaug.  
Kommuneplanens arealdel har planID 125620100003  
(ved søk i BraPlan), arkivID 14/4458 (ved søk i postlister/  
innsyn).

## OPNE MØTE mars/april/mai 2015

	Dato	Kl.	Møtestad
Kommunestyret	Onsdag 25.03.	17.00	Kantina
Fellerådet	Torsdag 16.04	14.00	Formannskapsalen
Administrasjonsutvalet	Onsdag 22.04.	15.00	Formannskapsalen
Formannskapet	Onsdag 22.04	16.00	Formannskapsalen
Utval for drift og utvikling	Tysdag 28.04	16.00	Formannskapsalen
Kommunestyret	Onsdag 06.05	17.00	Kantina
Utval for levekår	Tysdag 12.05	16.00	Formannskapsalen

Møte i folkevalde organ er som hovudregel offentlege etter Kommunelova. Alle som ønskjer det kan vera til stades, og  
det er høve til å referere frå møta. Sakspapir er tilgjengelege på kommunen sine nettsider [www.meland.kommune.no](http://www.meland.kommune.no)

